

**Fra:** Ole Martin Bolset  
**Sendt:** onsdag 9. juni 2021 10:02  
**Til:** Unni Sjursen  
**Emne:** SV: Detaljreguleringsplan for Ytre Eidsnes, undervegs møte.

Hei!

Det er ein avkøyrse ja, der glippa det litt for meg!

Merknad frå SVV 13.01.2021:

«Avkjøringspunkt frå fylkesveg 5456 inngår i planområdet. Vi ser det er gjort utbetringar av avkøyrsla dei seinare åra men det er likevel er vanskeleg ut frå vegbilde å sjå om denne stettar krav til utforming og friskt jfr. handbok N100. Dette er noko plankonsulent må vurdere som ein del av planarbeidet.»

Merknad frå VLFK 17.01.2021:

«Avkjørsla til fylkesvegen har ein 3 meter svingradius i retning høgre og er i samsvar med løyve gitt i 2017 for dei to einebustadane på gnr/bnr 215/88 og 89. Avkjørsla har ein liten svingradius med tanke på auka bruk. Ny dimensjonering av avkjørsla må gjerast i samsvar med handbok N100.»

SVV og VLFK har vore flinke med å tidlig i planprosessen komme med tilbakemelding på avkøyrse frå fylkesveg. Denne tilbakemeldinga er relativt enkel å tolke.

Både SVV og VLFK treng å sjå teikningar som viser riktig og relevant informasjon for ei avkøyrse til fylkesveg.

SVV krev at ny dimensjonering av avkøyrsla må gjerast i samsvar med handbok N100.

VLFK si tilbakemelding er litt meir utdeleg, men dei viser til at ein må sjå på avkøyrsla opp mot handbok N100, og om den stettar krav til utforming og friskt.

Det er dermed sjølvstakt at ein må vise avkøyrsla detaljert. Eg informerte òg om at dette kravet kom til å komme i oppstartsmøtet, so det burde ikkje komme som noko overraskande krav.

Det verkar òg til at ein i følge løyvet gjeve i 2017 for dei to einebustadane skal ha ein svingradius på 3m i retning høgre (jf. tilbakemeldinga frå VLFK). Her skriv de at vi no har ein svingradius på 2.6m i innerradius. Det vil tilseie at vi har ein mindre svingradius (2.6m) enn det som allereie er ein for liten svingradius (3m) for auka bruk.

Eg har òg funne kapittel D.1.4.1, s. 63 i Handbok N100:

#### D.1.4 Avkjørsler

Avkjørsel er kjørbart tilknytning til offentlig veg- eller gatenett fra en eiendom eller et begrenset antall eiendommer.

##### D.1.4.1 Geometrisk utforming

For avkjørsler med liten trafikk ( $\text{ADT} < 50$  eller færre enn 10 boenheter) bør hjørneavrundingen utføres som en enkel sirkel med radius  $R = 4$  m. For avkjørsler med  $\text{ADT} > 50$ , eller med en stor andel lastebiler og vogntog, og  $\text{ADT}$  på primærvegen  $< 2\ 000$ , bør hjørneavrundingen utføres som en enkel sirkelkurve med radius  $R = 9$  m. Disse avkjørslene bør bygges med samme krav til vertikal linjeføring som kryss.

Avkjørsler med  $\text{ADT} > 50$  og  $\text{ADT}$  på primærvegen  $> 2\ 000$  bør utformes som kryss. Krav til primærvegens linjeføring i kryssområdet er gitt i hver dimensjoneringsklasse.

Krav til utforming av kantstein er gitt i kapittel D.4.7.

Eg tenker at det er disse krava som vil gjelde for innerradius, men det er konsulent for dette planarbeidet sin jobb å ha ein som er fagkyndig til å kunne definere kva krav som gjeld. Både for radius, fall, breidde og alt som skal vere relevant. (Ikkje gløym krava i rettleiing for rednings- og sløkkjeinnsats, vedlagt ved oversendinga av oppstartsmøtereferatet.)

Deretter må ein vise at ein er i tråd med handbok N100, eventuelt kva punkt ein er i strid med handbok N100 i, og ein *fagleg* begrunning for kvifor desse avvika burde godkjennast.

Med å «vise at ein er i tråd med handbok N100» er det ikkje godt nok å kun skrive kva dei ulike parameterane er i ord. Det må visast ved bruk av detaljerte teikningar.

For å svare på ditt spørsmål, om din mail frå 07.06.2021, er svar godt nok:

Nei, jamfør tilbakemeldinga ovanfor.

**Ole Martin Bolset** | Rådgjevar planforvaltning

Telefon: 453 77 397

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)



**ALVER**  
KOMMUNE

---

**Fra:** Unni Sjursen <[Unni@abo-ark.no](mailto:Unni@abo-ark.no)>

**Sendt:** mandag 7. juni 2021 15:31

**Til:** Ole Martin Bolset <[ole.martin.bolset@alver.kommune.no](mailto:ole.martin.bolset@alver.kommune.no)>

**Emne:** SV: Detaljreguleringsplan for Ytre Eidsnes, undervegs møte.

Hei!

Nedenfor er tilbakemelding/svar fra kollega på avkjørselen:

- Ser ikkje at det er teikningar eller dokumentasjon på at krysset til fylkesvegen følgjer handbok N100.

Svar: Krysset er ikke et kryss **men en avkjørsel**. ÅDT ligger på 28 (8 boliger) og det stilles da ikke krav om kryss.

Bossbil henter boss ved Eidsnesvegen. Lastebiler har tilkomst (inn- og utkjøring) retning Eikangervåg ved å snu ved innerste tomt.

Avkjørselens dimensjon er basert på kjøremåte «B» for personbiler. Fall på avkjørselen er ca. 6,3 % fra Eidsnesvegen.

Ytterradius er 9,5 m. Innerradius er 2,6 m. Frisikt er satt til 4x 45 som støtter krava i Handbok N100 når fartsgrensa er 50 km/t.



Er dette svar godt nok, tenker du?

Vennlig hilsen  
Unni M.S. Sjursen  
Arealplanlegger  
900 29 764



Hamnevegen 53  
Pb.291  
5203 OS

[unni@abo-ark.no](mailto:unni@abo-ark.no)  
[www.abo-ark.no](http://www.abo-ark.no)



